

Innkalling av Fellesnemnd

Møtedato: 02.10.2017
Møtestad: Alver hotell
Møtetid: 13:00 -

Eventuelle forfall må meldast til Tove Mette Arnø Fyllingen per tlf. 474 64 145, sms til 474 64 145 eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Fellesnemnda har arbeidsseminar om styringsdokumentet kl. 09.00 – 12.00 (sjå vedlegg)
Lunsj kl. 12:00. Ordinært møte startar kl. 13:00


Sakliste

Saknr	Tittel
007/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/17	Godkjenning av møteprotokoll frå 05.09.2017
009/17	Val - partsamansett utval (PSU)
010/17	Val - kyrkjeleg fellesnemnd
011/17	Interkommunal plan for sjøareal
012/17	Melding/orientering fellesnemnda 02.10.2017

25. september 2017

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Tove Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær



ALVER KOMMUNE

**Styringsdokument for gjennomføring av kommunesamanslåing.
Radøy kommune, Meland kommune og Lindås kommune.**

**Utkast pr. 25. september 2017
Til møte i Fellesnemnda 2. oktober 2017**

Innhold

1	Vi skal bygge Alver kommune	4
2	Mål og suksesskriterier (Tema i møte i Fellesnemnda 6. november)	6
3	Prinsipp for programmet.....	6
3.1	Innleiing	6
3.2	Overordna prinsipp	6
3.3	Prinsipp for politisk programorganisering.....	6
3.4	Prinsipp for administrativ programorganisering.....	6
3.5	Hovudprosjekt med politisk styring.....	7
3.6	Prinsipp for involvering av dei tilsette.....	7
4	Roller og ansvar i programmet.....	8
4.1	Kommunestyra	8
4.2	Fellesnemnda	8
4.3	Saksførebuaude utval (SFU)	9
4.4	Valnemnd og tilsettingsutval.....	9
4.4.1	Valnemnd	9
4.4.2	Tilsettingsutval (innplassering av eksisterande rådmenn i ny kommune)	9
4.5	Partsamansett utval	9
4.6	Verneombodutval.....	10
4.7	Programansvarleg.....	10
4.8	Programkontor	10
4.9	Politiske hovudprosjekt	10
4.10	Hovudprosjekt med politisk styring.....	10
4.11	Hovudprosjekt med administrativ styring.....	10
4.12	Delprosjekt	11
4.13	Programstyrings- og rapporteringsmekanismar	11
5	Framdrift og milepælar i programmet	11
6	Budsjett (Tema i møte i Fellesnemnda 6. november)	11
7	Risikostyring (Tema i møte i Fellesnemnda 6. november)	11
8	Kommunikasjonsstrategi (Tema i møte i Fellesnemnda 4. desember)	11
	Vedlegg 1: Prosjekt i programmet.....	12
8.1	Politiske hovudprosjekt	12
8.1.1	Politisk organisering og lokaldemokrati	12
8.1.2	Identitet, symbol og felles kultur	12

8.1.3	Valstyre kommuneval 2019.....	12
8.2	Hovudprosjekt med politisk styring.....	12
8.2.1	Samfunnsutvikling	13
8.2.2	Arbeidsgjevarepolitikk.....	13
8.2.3	Interkommunalt samarbeid og eigarskap	13
8.2.4	Økonomisk politikk og handlingsreglar	13
8.2.5	Kommunikasjon.....	14

1 Vi skal bygge Alver kommune

Alver kommune med ca 30 000 innbyggjarar i 2020 vil stå sterkare for å løyse dei lokale utfordringane enn dei eksisterande kommunane kvar for seg. Radøy, Meland og Lindås er sterkt integrert med omsyn til mellom anna næringsliv, bu- og arbeidsmarknad, handel og kulturliv. Ein samanslått kommune vil ha betre føresetnader for å skape vidare utvikling i området.

Frå intensjonsavtala ligg følgjande verdiar, mål og prinsipp til grunn for samanslåinga:

- Me skal byggja ein ny kommune.
- Alle kommunar er likeverdige partar.
- Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon.
- Me skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.
- Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.
- Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.
- Me skal ha likeverdige tenester i heile kommunen.
- Me skal vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur.
- Me skal ha innbyggjarrettleiing i alle rådhusa.
- Me skal digitalisera dialogen med innbyggjarane.
- Me skal leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling

I løpet av to og eit halvt år skal tre kommunar skal avviklast og ein ny kommune skal byggast. I denne perioden og vidare skal innbyggjarane få forsvarlege teneste heile tida. Dei neste 4 åra skal samanslåing og drift handterast med nær same tal tilsette som i dag. Dette fordrar ein robust organisering av samanslåingsarbeidet. Ein viktig del av dette blir å sørgje for ein vellykka integrasjon mellom kommunane som organisasjon og ein god prosess og omstilling for dei tilsette.

Samanslåingsarbeidet vert organisert som ein program. Eit program er ein samling av prosjekt med felles overordna mål. Dette vil best ivareta kompleksiteten i ein samanslåingsprosess og legge til rette for brei involvering frå leiing, medarbeidarar og deira tillitsvalde samtidig som nødvendig overordna styring vert teke i vare. Programmet er utarbeida på grunnlag av prosessen i førebuande fellesnemnd våren 2016, sentrale rettleiarar, systematiserte erfaringar frå tidligare samanslåingsprosessar og samanslåingsprosjekt som er i prosess no. Fellesnemnda er programeigar.

Programeigar er den endelege ansvarlege for programmet. Rolla til programeigar er å sikre at programmet gjennom heile perioden er fokusert på å nå måla og levere ein kommune som vil kunne ta ut gevinstar på kvalitet og økonomi. Programeigar må sikre at programmet sikrar ein kostnadsbevisst tilnærming til programmet og balansere krav frå innbyggjarar, tilsette, myndigheiter og andre i omgjevnadene.

Styringsdokumentet for programmet må sjåast i samanheng med mellom andre følgjande dokument:

- Intensjonsavtale mellom Radøy, Meland og Lindås kommunar.
- Mandat og retningslinjer for fellesnemnda
- Omstillingsavtale
- Prosjektplan for hovudprosjekta (vert utarbeida løpande i programperioden)

2 Mål og suksesskriterier (Tema i møte i Fellesnemnda 6. november)

3 Prinsipp for programmet

3.1 Innleiing

Fellesnemnda har det overordna ansvaret for etablering av Alver kommune. Fellesnemnda skal styre prosessen og fatte nødvendige vedtak Dette krev at fellesnemnda vert løpande orientert om framdrift og status i prosessen. Fellesnemnda har vidare ansvar for å informere og involvere dei andre politikanane i sine kommunestyre og ha ein løpande dialog med innbyggjarar, nærings- og samfunnsliv.

3.2 Overordna prinsipp

- Arbeidet vert regulert av Inndelingslova med tilhørande forskrifter.
- Intensjonsavtalen er førande for arbeidet.
- Sentralt utviklede rettleiarar ligg til grunn for programmet og gjennomføring av dette.
- Programmet skal sikre:
 - Klare ansvarsforhold mellom kommunane og program og mellom program, hovudprosjekt, arbeidsutval og linje i alle fasar av samanslåingsprosessen.
 - Tydelig skilje mellom politiske og administrative oppgåver i samanslåingsprosessen og områder der det er behov for samhandling.
 - Gevinstrealisering i alle fasar av prosessen.
- Samanslåingsprogrammet skal bestå av tre ulike grupper av prosjekt:
 - Politiske hovudprosjekt.
 - Hovudprosjekt med politisk styring
 - Hovudprosjekt med administrativ styring

3.3 Prinsipp for politisk programorganisering

- Fellesnemnda er programeigar.
- Representasjon i arbeidsgrupper skal så langt mulig settast saman med likevekt mellom kommunane. Det er viktig å engasjere breidt blant fellesnemndas medlemmer.
- Det vert stilt administrativ ressursar til disposisjon for de politiske arbeidsgruppene.
- Arbeidet med å slutføre politisk struktur er prioritert. Utgangspunktet ligg i intensjonsavtala.
- Arbeidsgruppene i dei politiske hovudprosjekta rapporterer til fellesnemnda.

3.4 Prinsipp for administrativ programorganisering

- Føringar frå intensjonsavtalens ligg til grunn for arbeidet i den administrative programorganisasjonen.
- Det vert etablert eigne hovudprosjekt med eigen hovudprosjektleiingar for alle område/tema som vert omfatta av samanslåingsprosessen. Desse rapporterer til programleiar.
- Det vert stilt administrative ressursar til rådighet for prosjekta. Dette kan ivaretakast av prosjektleiar sjølv. Frikjøp eller annen kompensasjon vert vurdert.
- Eksterne vert brukt til faglege aspekt knytt til program-/prosjektleiing. Konsulentar vert brukt når kommunane sjølv ikkje har nødvendig kompetanse tilgjengeleg.

- Prosjektgruppene vert sett saman med vekt på fagkompetanse og balanse i representasjon frå kommunane.
- Hovudprosjekta kan sette ned delprosjekt.

(NB! Det vil vere ein samanheng mellom prosjektstruktur og administrativ organisering av Alver kommune. Programleiinga vil bli lagt til rådmannen sin leiargruppe, medan leiarnivået under leiargruppa vil bli prosjektleiarar for hovudprosjekt. Når det er klart kven som blir ny rådmann/programansvarleg vil arbeidet med administrativ organisering starte.)

3.5 Hovudprosjekt med politisk styring


- Gjeld prosjekt som krev politisk prinsipielle avgjerder. Desse avgjerdene vert handsamma i fellesnemnda i eigne saker.
- Elles gjeld føringane som for anna prosjektorganisering i dette dokumentet.

3.6 Prinsipp for involvering av dei tilsette

(Vert diskutert på møte med tillitsvalde i møte med alle HTV og HVO i Radøy, Meland og Lindås 28. september. Resultatet frå møtet vert lagt fram for fellesnemnda i møte 2. oktober.)

4 Roller og ansvar i programmet

Figuren under viser ein enkel prinsippsskisse for programorganiseringa. Blå boksar er politikk og oransje boksar er administrasjon. Dei to skarverte boksane har medlemmer både frå politikk og administrasjon. Ei nærare skildring av roller og ansvar føl etter figuren.



4.1 Kommunestyra

Arbeidsoppgåver og fullmakter for fellesnemnda som ikkje kjem fram direkte av Inndelingslova er fastsatt i eige reglement som er vedteke i alle kommunestyra. Jfr. Inndelingslova § 26 4. ledd. Kommunestyra vil i programperioden i nokre saker gjere vedtak etter tilråding frå fellesnemnda. Kommunestyret får informasjon frå arbeidet med bygging av ny kommune i kvart møte.

4.2 Fellesnemnda

Fellesnemnda:

- er programeigar.

- skal styre gjennomføringa av samanslåingsprogrammet.
- skal forberede kommunesamanslåinga og sikre nødvendig samordning mellom dei tre kommunane.
- sitt ansvar er regulert av Inndelingslova sine føresegner og mandat og reglement gitt av dei tre kommunestyra i likelydande vedtak.

4.3 Saksførebuande utval (SFU)

- Ordførarane er saksførebuande utval. Varaordførar trer inn ved forfall.
- Programansvarleg og rådmennene i dei eksisterande kommunane deltek i møta i utvalet.
- Koordinerande tillitsvald deltek under handsaming av saker til partssamansett utval.

SFU:

- fastset agenda for møta og koordinerer sakene til fellesnemnda.
- kan få delegert mynde frå fellesnemnda jfr. inndelingslova § 26, 6. ledd.

4.4 Valnemnd og tilsettingsutval

4.4.1 Valnemnd

- Fellesnemnda sett ned ein valnemnd.

Valnemnda:

- har ansvar for å kome med framlegg til kandidatar til politiske utval og politiske prosjektgrupper.
- kjem også med forslag til representantar til politiske hovudprosjekt.

4.4.2 Tilsettingsutval (innplassering av eksisterande rådmenn i ny kommune)

Ordførarane og koordinerande tillitsvalt er tilsettingsutval.

4.5 Partsamansett utval

- Det skal opprettast eit partssamansett utval, jamfør inndelingslova § 26, 2. ledd, med til saman tre representantar frå dei tilsette og fire arbeidsgjevarrepresentantar.
- Arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval er leiar av fellesnemnda, to valte representantar frå fellesnemnda og programansvarleg/rådmann. Blant disse skal det veljast leiar og nestleiar.
- Tilsettrepresentantar vert valt av tillitsvalde i kommunane.
- Ein representant for vernetenesta i kommunane møter med talerett.

PSU har følgjande oppgåver:

- PSU skal drøfte korleis dei tillitsvalde skal involverast på ein god måte i avgjerder og i prosessen.
- Uttale seg om overordna personalpolitikk eller arbeidsgjevarpolitikk (blant anna omstillingsdokumentet)
- Uttale seg om overordna personalstrategiar
- Uttale seg om arbeidsreglement
- Uttale seg om personalpolitiske retningslinjer
- Uttale seg om plansaker som omhandlar det overordna personalpolitiske området.

4.6 Verneombodutval

(Vert diskutert på møte med tillitsvalde i møte med alle HTV og HVO i Radøy, Meland og Lindås 28. september. Resultatet frå møtet vert lagt fram for fellesnemnda i møte 2. oktober.)

4.7 Programansvarleg

Programansvarleg-funksjonen vil bli tatt i vare på forskjellige måtar i dei ulike fasane av samanslåingsprosessen:

- Frem til rådmann for Alver er tilsett, vil dei tre rådmennene i Radøy, Meland og Lindås ivareta rolla som programansvarleg.
- Etter at rådmann for Alver kommune er tilsett vil denne overta som programansvarleg

Programansvarleg har følgjande ansvar og mynde etter delegering frå fellesnemnd:
(Kjem attende til etter delegeringsvedtak i fellesnemnda.)

4.8 Programkontor

Det vert etablert eit programkontor som vil vere ein viktig støttespiller for fellesnemnd, programansvarleg, utvalsleiarar og prosjektleiarar. Programkontoret skal ivareta følgjande i programorganiseringa:

- Stille tilstrekkelig kartleggings- og utredningskompetanse til rådighet for fellesnemnda og utvala.
- Ta i vare det løpande behovet for kommunikasjonsfagleg bistand i programmet. Dette arbeidet skjer i nært samarbeid med eige administrativt prosjekt. Kommunikasjonsfaglige ressursar vert stilt til rådighet for både fellesnemnda og programansvarleg.
- Fungere som politisk sekretariat
- Fungere som programstøtte:
 - Bidra i alt det praktiske rundt programorganisasjonen, inkludert metodebistand, programteknisk støtte (IKT) og merkantil støtte
 - Tilby kurs og opplæring i program- og prosjektstyring for prosjektleiarar, utvalsleiarar og prosjektmedarbeidarar
 - Utarbeide og vedlikehalde ein eigen programhandbok.

4.9 Politiske hovudprosjekt

- Dei politiske hovudprosjekta har ei direkte styringslinje til fellesnemnda.
- Det vert oppretta arbeidsutval med medlemmer frå fellesnemnda.
- Programkontoret gjev nødvendig støtte til arbeidsutvala.
- Leiar av arbeidsutvalet tilrår til fellesnemnda.

4.10 Hovudprosjekt med politisk styring

Politisk prinsipielle avgjerder vert lagt fram som saker i fellesnemnda og vert lagt inn som avgjerdspunkt i hovudprosjektmandatet.

4.11 Hovudprosjekt med administrativ styring

- Hovudprosjekt kor alle avgjerder ligg innanfor generelle fullmakter/delegering gitt frå fellesnemnda til programansvarleg.
- Programansvarleg orienterer fellesnemnd om status og framdrift i hovudprosjekta.

4.12 Delprosjekt

- I større hovudprosjekt kan det opprettast delprosjekt.
- Delprosjekta vert gitt mandat som ligg innanfor det mandat som er gitt hovudprosjektet.
- Delprosjektleiar rapporterer til aktuell prosjektleiar.
- Prosjektleiar er ansvarleg ovanfor programansvarleg.

4.13 Programstyrings- og rapporteringsmekanismer

Kjem attende til.

5 Framdrift og milepælar i programmet

Framdrift og milepælar vert fastsett i prosjektmandata. Det vert utarbeida ein samla oversikt over alle prosjekt som vert rapportert til fellesnemnda.

6 Budsjett (Tema i møte i Fellesnemnda 6. november)

7 Risikostyring (Tema i møte i Fellesnemnda 6. november)

8 Kommunikasjonsstrategi (Tema i møte i Fellesnemnda 4. desember)

9 Vedlegg 1: Prosjekt i programmet

9.1 Politiske hovudprosjekt

Det vert oppretta tre politiske hovudprosjekt:

- Politisk organisering
- Identitet, symbol og felles kultur
- Valstyre kommuneval 2019

9.1.1 Politisk organisering og lokaldemokrati

Hovudstrukturen i den politiske organiseringa er omtalt i kap. 6 i intensjonsavtala. Hovudprosjektet får ansvar for:

- Detaljert politisk organisering
Utarbeide forslag til politisk organisering under formannskap og hovudutval. (Partssamansette utval, brukarmedverknad og samhandlingsarena med dei frivillige, nærings- og samfunnsliv.)
- Utarbeide forslag til delegasjonsreglement frå kommunestyre til underliggende organ og til administrasjonssjefen.
- Utarbeide forslag til reglement for folkevalde organ og folkevalde sine arbeidsvilkår.

9.1.2 Identitet, symbol og felles kultur

Identitet til Alver kommune er viktig for innbyggjarar, tilsette, men også for verden rundt. Korleis kommunen står fram med symbol og handlingar er med å skape denne identiteten.

Kommunikasjonsstrategien vil si noko om korleis den nye kommunen skal arbeide med kulturelle- og identitetsskapande tiltak for innbyggjarane. Grafisk profil, bruk av nye media og samhandling med dei frivillige er ein viktig del av dette. Hovudprosjektet får ansvaret for:

- Utarbeide forslag til ordførarkjede, kommunevåpen og eventuelt andre symbol for den nye kommunen.
- Utarbeide ein visjon for Alver kommune.
- Operasjonalisere kommunikasjonsplanens målsettingar for kulturelle og identitetsskapande tiltak for innbyggjarane.
- Leie prosessen med ny grafisk profil.

9.1.3 Valstyre kommuneval 2019

I 2019 vert det første lokalvalet for den nye kommunen gjennomført. Partia må starte førebuingane til dette valet tidleg for å kunne forene tre kommunar i sine parti, i arbeidet med partiprogram og i nominasjonsprosessane. Gjennomføringa vil krevje god planlegging. Eit valstyre vert oppnemnd som ansvarlig for gjennomføringa av valet.

9.2 Hovudprosjekt med politisk styring

Det vert oppretta fire koordinerte hovudprosjekt:

- Samfunnsutvikling
- Arbeidsgjevarpolitikk
- Interkommunalt samarbeid og eigarskap
- Økonomisk politikk og handlingsregler

9.2.1 Samfunnsutvikling

Samfunns- og næringsutvikling ar omtala med eigen underoverskrift i kapittel 7 i intensjonsavtala. Har vert det lagt nokre føringar for korleis dei tre kommunestyra tenkjer at den nye kommunen skal drive samfunnsutvikling. Hovudprosjektet får ansvar for:

- Utarbeide utkast til planprogram for planstrategien for Alver kommune.
- Følgje opp konkrete tiltak for samfunnsutvikling og infrastruktur.
- Utvikle plan for samfunnssikkerheit og beredskap for Alver kommune

9.2.2 Arbeidsgjevarpolitikk

Kapittel 9 i intensjonsavtala legg føringar for Alver kommune som arbeidsgjevar. Ein ny kommune skal byggast og ein skal legge til rette for ein verksemdoverdraging av fire organisasjonar. En god og framtidsretta arbeidsgjevarpolitikk gir eit felles verdigrunnlag for folkevalde, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde og er grunnlaget for at Alver kommune skal bli ein attraktiv arbeidsgjevar. Det er viktig å få ein overordna arbeidsgjevarpolitikk på plass så fort som mulig. Det same gjeld også ein omstillingsavtale med fagforeiningane. Arbeidet med innplassering og omplassering av personell vil komme i gang raskt etter at den administrative organiseringa er avklara. Den nye kommune må ha harmoniserte løns- og arbeidsvilkår samt at ein må forhandle fram nye særavtalar. Eit systematisk arbeid med kompetanseplanlegging og –utvikling skal på plass. Hovudprosjektet får ansvar for:

- Utarbeide forslag til ein overordna arbeidsgjevarpolitisk plattform for Alver kommune.
- Utvikle en kompetansestrategi
- Organisasjonskulturelle og identitetsskapande tiltak for tilsette (saman med administrative sektorprosjekt)

9.2.3 Interkommunalt samarbeid og eigarskap

Dei eksisterande kommunane har fleire avtaler om interkommunalt samarbeid og har eigarskap i fleire IKS'ar og AS'ar. Dei tre gamle kommunane må seie desse opp og fellesnemnda må om ønskjeleg erstatte dei med nye avtaler. Nye vedtekter må vedtakast. Hovudprosjektet får ansvar for

- Kartlegging av alle avtaler, vedtekter og eigarskap som kunnskapsgrunnlag for arbeidet. Utarbeide forslag for strategi for arbeidet med endring i interkommunalt samarbeid og eigarskap. Kva avtaler ein skal avvika og kva avtaler ein skal vidareføra.
- Initiere oppseiingar og reforhandlingar av avtaler og initiere endringar i vedtekter, inkludert dei økonomiske forpliktingane knytt til avtalene.
- Utarbeide eigarskapsstrategi form av ei eigarmelding.

9.2.4 Økonomisk politikk og handlingsreglar

Kapittel 8 i intensjonsavtalen handlar om økonomi og eigedomskatt i den nye kommunen. Økonomisk politikk og handlingsregler må få stor merksemd allereie tidleg i samanslåingsprosjektet. Hovudprosjektet skal:

- Utarbeide årlige budsjett/langtidsbudsjett for samanslåingsprosjektet frå 2017 til 2020.
- Informasjon om og drøfting av dei tre kommunenes budsjett og økonomiplanar.
- Utarbeide forslag til gevinstrealiseringsplan og handlingsreglar.
- Utarbeide forslag til finans- og økonomireglement.
- Utarbeide forslag til årsbudsjett og handlingsprogram 2020–2023.

9.2.5 Kommunikasjon

Kommunikasjon med tilsette, innbyggjarar og omgjevnadene er viktig i ein samanslåingsprosess. Det vert utarbeida ein eigen kommunikasjonsplan for prosjektet. God samhandling med de andre prosjektgruppene blir avgjerande for å lykkas med arbeidet. Hovudprosjektet får ansvar for:

- Følgje opp kommunikasjonsplanen med kontinuerlig arbeid med informasjon og kommunikasjon, inkludert å støtte de andre arbeidsgruppene i sine oppgåver for måloppnåing av planen.
- Etablere ein heimeside for Alver kommune.
- Lage forslag til ein ny kommunikasjonsstrategi for Alver kommune gjeldande frå 01.01.2020.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/17	Fellesnemnd	PS	02.10.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	17/2845

Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/17	Fellesnemnd	PS	02.10.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	17/2845

Godkjenning av møteprotokoll frå 05.09.2017

Vedlegg

Protokoll - Fellesnemnd - 05.09.2017

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

Møteprotokoll for Fellesnemnd

Møtedato: 05.09.2017
Møtestad: Radisson Blu, Bergen
Møtetid: 13:00 - 14:00

Seminar fellesnemnda

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	Radøy	Medlem
Jostein Borlaug	Radøy	Medlem
Kenneth Murberg	Radøy	Medlem
Kirsti Floen	Radøy	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	Radøy	Medlem
Øyvind Oddekalv	Meland	Utvalsleiar
Nils Marton Aadland	Meland	Medlem
Øyvind Bratshaug	Meland	Medlem
Sølvi Knudsen	Meland	Medlem
Marit Jøssang	Meland	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	Nestleiar
Leif Hosøy Sleire	Lindås	Medlem
Asle Hetlebakke	Lindås	Medlem
Nina Bognøy	Lindås	Medlem
Ståle Juvik Hauge	Lindås	Medlem
Anna K.Valle	Lindås	Medlem
Bjarte Vatnøy	Lindås	Medlem
Nina Stabell Øvreås	Lindås	Medlem
Karl Vågstøl	Lindås	Medlem
Sveinung Toft	Lindås	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Anne Grete Eide	Meland	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Tormod Skurtveit	Meland	Anne Grete Eide

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Adolf Hovgaard-HTV, Anita Dale-HTV, Elisabeth Bygstad-HTV, Jarle Landås-rådmann Radøy, Jarle Næss-HTV, Liv Berit Haukås-HTV, Martin W Kullid-rådmann Meland, Rosalid Grindheim Instebø-HTV, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann Lindås

Sakliste

Saknr	Tittel
001/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/17	Konstituering - val av leiar og nestleiar
003/17	Val av valnemnd
004/17	Mandat og reglement for fellesnemnda
005/17	Møteplan fellesnemnda
006/17	Prosess tilsetjing programansvarleg/rådmann

001/17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

05.09.2017 Fellesnemnd

Ekstrasak: Prosess tilsetjing programansvarleg/rådmann.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

FN - 001/17 VEDTAK:

Innkalling og sakliste er godkjent

002/17: Konstituering - val av leiar og nestleiar

Framlegg til vedtak vert lagt fram i møtet

05.09.2017 FELLESNEMND

Framlegg:

Øyvind Oddekalv – leiar

Astrid Aarhus Byrknes – nestleiar

Framlegg leiar vart samrøystes vedteke

Framlegg nestleiar vart samrøystes vedteke.

FN - 002/17 VEDTAK:

Øyvind Oddekalv er leiar og Astrid Aarhus Byrknes er nestleiar i fellesnemnda

003/17: Val av valnemnd

Framlegg vert lagt fram i møte

05.09.2017 FELLESNEMND

Framlegg:

Medlemmar i valnemnda vert:

Jostein Borlaug – Radøy kommune
Anna K.Valle – Lindås kommune
Marit Jøssang – Meland kommune

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FN - 003/17 VEDTAK

Medlemmar i valnemnda er:

Jostein Borlaug – Radøy kommune
Anna K.Valle – Lindås kommune
Marit Jøssang – Meland kommune

004/17: Mandat og reglement for fellesnemnda

Framlegg til vedtak

Mandat og reglement vert vedteke som det ligg føre.

05.09.2017 Fellesnemnd

Revidert mandat og reglement vart lagt fram frå redaksjonskomiteen:

Mandat og reglement for fellesnemnda Alver kommune

1. Formål

Kommunane Radøy, Lindås og Meland har vedteke å gå saman om å skape ein ny, felles kommune. Kommunane opprettar ei fellesnemnd for å samordne og førebu etableringa av den nye kommunen som skal vere operativ frå og med 1. januar 2020.

2. Oppnemning. Samansetting. Funksjonstid

2.1 Radøy (5), Meland (6) og Lindås (10) vel kvar sine faste medlemer og vara til fellesnemnda. Valet skjer av og blant dei faste medlemene av kommunestyra.

2.2 Fellesnemnda vel sjølv leiar og nestleiar.

2.3 Fellesnemnda startar sin funksjon i konstituerande møte september 2017. Funksjonstida går ut når det nye kommunestyret, som blir vald ved kommunestyrevalet 2019, er konstituert etter reglane i inndelingslova § 27.

2.4 **(Leiar, nestleiar og)**Ordførarane utgjer fellesnemnda sitt saksførebuande utval. Varaordførar trer inn ved forfall. Rådmennene **og programansvarleg** deltek i møta i utvalet. Utvalet skal fastsetje agenda for møta og koordinere sakene til fellesnemnda.

Utvalet kan få delegert mynde frå fellesnemnda jfr. inndelingslova § 26, 6. ledd.. Koordinerande tillitsvald deltek under handsaming av saker til partssamansett utval.

2.5 Det skal opprettast eit partssamansett utval, jamfør inndelingslova § 26, 2. ledd, med til saman tre representantar frå dei tilsette og fire arbeidsgjevarrepresentantar. Arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval **leiar av fellesnemnda, to valde representantar frå fellesnemnda** og programansvarleg/rådmann. Blant disse skal det veljast leiar og nestleiar.

Tilsettrepresentantar vert valt av tillitsvalde i kommunane. Ein representant for vernetenesta

i kommunane møter med talerett.

3. Oppgåver etter inndelingslova:

- 3.1 Fellesnemnda skal førebu arbeidet med kommunesamanslåinga, og sikre naudsynt samordning mellom dei tre kommunane fram til konstituerande møte er halde for nyvalt kommunestyre hausten 2019.

3.2 Fellesnemnda skal gjennomgå og vurdere alle prinsipielle forhold ved samanslåingsprosessen.

3.3 Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplan og budsjett for første driftsår. (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, første punktum), her under framlegg til satsar for gebyr, avgifter og eigenbetaling. Arbeidet skal vere ferdig innan utgangen av juni 2019. (Formannskapet har ansvaret for å fremje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret (2019) (jf. pkt. 5.3.2 i Rundskriv H-10/15 om inndelingslova)).

- 3.4 Fellesnemnda skal gje fråsegn til departementet (fylkesmannen) om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane som er nemnde i kapittel 1 i dette reglementet (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, andre punktum).

4. Fellesnemnda, skal med dei føringane som ligg i intensjonsavtalen for Alver kommune:

4.1 **Planlegge og gjennomføre** informasjonsarbeid og involvering av innbyggjarane under etableringa av Alver kommunene.

4.2 Ta hand om det førebuande arbeidet med planprogram for planstrategi for Alver kommune.

4.3 **Utarbeide eit samla reglement** for den folkevalde styringsstrukturen. Reglementet skal vere grunnlaget for det nye kommunestyret sine val til dei aktuelle organa hausten 2019, jf. pkt. 6.3. i intensjonsavtalen.

4.4 **Fellesnemnda skal orienterast undervegs av programansvarleg om arbeidet med modellen for den administrative styringsstrukturen.**

4.5 Utarbeide framlegg til reglement med delegert mynde frå kommunestyret til andre folkevalde organ, og til rådmannen. (Vert vedteke av Alver kommune, desember 2019)

4.6 Vurdere **eigarskap og** kva for interkommunalt samarbeid som vert ført vidare som no, eller eventuelt i endra form, og om det er nye tenester og oppgåver som bør bli utført ved interkommunalt samarbeid. **Styrande for vurderinga skal mellom anna vere styrking av lokaldemokratiet.**

4.7 **Utarbeide overordna planverk for å ivareta samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune**

5 Fellesnemnda får fullmakt til å:

- 5.1 gjere vedtak i alle saker som er naudsynte for å etablere den nye kommunen

- 5.2 tilsetje rådmann og plassere inn dei eksisterande rådmenn i Alver kommune. Rådmannen vert programansvarleg for kommunesamanslåingsprosessen. Ordførarane **og koordinerande tillitsvalt** er tilsettingsutval.
- 5.3 tilsetje personell i den nye kommunen, i tråd med omstillingsavtalen.
- 5.4 gjere vedtak om godtgjersle og reglement for politisk arbeid i Alver kommune.
- 5.5 gjere vedtak om val av revisor og sekretariat for kontrollutvalet, på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala, jfr. inndelingslova § 26 femte ledd, første punktum.
- 5.6 inngå naudsynte avtalar om leige av kontorlokale, innkjøp av utstyr, og andre avtalar for å etablere den nye kommunen.
- 5.7 **Utarbeide** arbeidsgjevarpolitikk og andre personalpolitiske reglement og planar for den nye kommunen i tråd med hovudavtalen, omstillingsavtalen og arbeidsmiljølova.
- 5.8 inngå omstillingsavtale.
- 5.9 delegere mynde vidare til rådmann/programansvarleg .

6. Forholdet til dei eksisterande kommunane

Kvar av kommunane har i perioden fram til kommunesamanslåinga ansvar for si ordinære drift, men spørsmål som kan ha vesentleg betydning for den nye kommunen bør drøftast i fellesnemnda før endeleg avgjerd i dei respektive kommunestyra.

7. Arbeidet i fellesnemnda

- 7.1 Fellesnemnda arbeider etter prinsippet for ein prosjektorganisasjon og med programansvarleg som dagleg leiar.
- 7.2 Programansvarleg rapporterer om sitt arbeid til nemnda.
- 7.3 Kvar av deltakarkommunane, jf. kapittel 1 i dette reglementet, stiller med administrativt personell for å hjelpe fellesnemnda og programansvarleg til å løyse sine oppgåver.
- 7.4 Medlemmer av fellesnemnda og politisk valde representantar i underutval og delprosjekt skal ha godtgjersle som følgjer av eige reglement.
- 7.5 Innkalling til og referat frå møta i fellesnemnda skal gå som kopi til kommunane så snart dei er klare. Denne informasjonen skal bli lagt fram som melding eller eiga sak til kommunestyra etter nærare reglar fastsett av kvar kommune.
- 7.6 Lindås kommune tek ansvar for arkiv og dokumentasjon, knytt til etableringa av nye Alver kommune.

8. Økonomi

Fellesnemnda disponerer eingongstilskot, reformstøtte og andre midlar tildelt i samband med kommunesamanslåinga. Gjeld ikkje kompensasjon for redusert basistilskot.

Framlegg om endring frå B.Vatnøy-Lindås Frp:

- 4.4 Fellesnemnda skal orienterast undervegs av programansvarleg om arbeidet med modellen for den administrative styringsstrukturen. Modellen skal vedtakast i fellesnemnda.

Framlegget fekk 6 røyster og fall,

Framlegg punkt 4.4. frå redaksjonsnemnda vart vedteke mot 6 røyster.

Framleggfrå redaksjonsnemnda (dei andre punkta) vart samrøystes vedteke.

FN - 004/17 INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRA:

Mandat og reglement for fellesnemnda Alver kommune

1. Formål

Kommunane Radøy, Lindås og Meland har vedteke å gå saman om å skape ein ny, felles kommune. Kommunane opprettar ei fellesnemnd for å samordne og førebu etableringa av den nye kommunen som skal vere operativ frå og med 1. januar 2020.

2. Oppnemning. Samansetting. Funksjonstid

1. Radøy (5), Meland (6) og Lindås (10) vel kvar sine faste medlemer og vara til fellesnemnda. Valet skjer av og blant dei faste medlemene av kommunestyra.
2. Fellesnemnda vel sjølv leiar og nestleiar.
3. Fellesnemnda startar sin funksjon i konstituerande møte september 2017. Funksjonstida går ut når det nye kommunestyret, som blir vald ved kommunestyrevalet 2019, er konstituert etter reglane i inndelingslova § 27.
4. Ordførarane utgjer fellesnemnda sitt saksførebuarnde utval. Varaordførar trer inn ved forfall. Rådmennene og programansvarleg deltek i møta i utvalet. Utvalet skal fastsetje agenda for møta og koordinere sakene til fellesnemnda. Utvalet kan få delegert mynde frå fellesnemnda jfr. inndelingslova § 26, 6. ledd.. Koordinerande tillitsvald deltek under handsaming av saker til partssamansett utval.
5. Det skal opprettast eit partssamansett utval, jamfør inndelingslova § 26, 2. ledd, med til saman tre representantar frå dei tilsette og fire arbeidsgjevarrepresentantar. Arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval er leiar av fellesnemnda, to valte representanter frå fellesnemnda og programansvarleg/rådmann. Blant disse skal det veljast leiar og nestleiar. Tilsettrepresentantar vert valt av tillitsvalde i kommunane. Ein representant for vernetenesta i kommunane møter med talerett.

3. Oppgåver etter inndelingslova:

1. Fellesnemnda skal førebu arbeidet med kommunesamanslåinga, og sikre naudsynt
 - a. samordning mellom dei tre kommunane fram til konstituerande møte er halde for nyvalt
 - b. kommunestyre hausten 2019.
2. Fellesnemnda skal gjennomgå og vurdere alle prinsipielle forhold ved samanslåingsprosessen.
3. Fellesnemnda skal ta hand om det førebuarnde arbeidet med økonomiplan og budsjett for

første driftsår. (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, første punktum), her under framlegg til satsar for gebyr, avgifter og eigenbetaling. Arbeidet skal vere ferdig innan utgangen av juni 2019. (Formannskapet har ansvaret for å fremje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret (2019) (jf. pkt. 5.3.2 i Rundskriv H-10/15 om inndelingslova)).

4. Fellesnemnda skal gje fråsegn til departementet (fylkesmannen) om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane som er nemnde i kapittel 1 i dette reglementet (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, andre punktum).

4. Fellesnemnda, skal med dei føringane som ligg i intensjonsavtalen for Alver kommune:

1. Planlegge og gjennomføre informasjonsarbeid og involvering av innbyggjarane under etableringa av Alver kommunene.
2. Ta hand om det førebuande arbeidet med planprogram for planstrategi for Alver kommune.
3. Utarbeide eit samla reglement for den folkevalde styringsstrukturen. Reglementet skal vere grunnlaget for det nye kommunestyret sine val til dei aktuelle organa hausten 2019, jf. pkt. 6.3. i intensjonsavtalen.
4. Fellesnemnda skal orienterast undervegs av programansvarleg om arbeidet med modellen for den administrative styringsstrukturen.
5. Utarbeide framlegg til reglement med delegert mynde frå kommunestyret til andre folkevalde organ, og til rådmannen. (Vert vedteke av Alver kommune, desember 2019)
6. Vurdere eigarskap og kva for interkommunalt samarbeid som vert ført vidare som no, eller eventuelt i endra form, og om det er nye tenester og oppgåver som bør bli utført ved interkommunalt samarbeid. Styrande for vurderinga skal mellom anna vere styrking av lokaldemokratiet.
7. Utarbeide overordna planverk for å ivareta samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune.

5 Fellesnemnda får fullmakt til å:

1. gjere vedtak i alle saker som er naudsynte for å etablere den nye kommunen
2. tilsetje rådmann og plassere inn dei eksisterande rådmenn i Alver kommune. Rådmannen vert programansvarleg for kommunesamanslåingsprosessen. Ordførarane og koordinerande tillitsvald er tilsettingsutval.
3. tilsetje personell i den nye kommunen, i tråd med omstillingsavtalen.
4. gjere vedtak om godtgjersle og reglement for politisk arbeid i Alver kommune.
5. gjere vedtak om val av revisor og sekretariat for kontrollutvalet, på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala, jfr. inndelingslova § 26 femte ledd, første punktum.
6. inngå naudsynte avtalar om leige av kontorlokale, innkjøp av utstyr, og andre avtalar for å etablere den nye kommunen.
7. Utarbeide arbeidsgjevarpolitikk og andre personalpolitiske reglement og planar for den nye kommunen i tråd med hovudavtalen, omstillingsavtalen og arbeidsmiljølova.
8. inngå omstillingsavtale.
9. delegere mynde vidare til rådmann/programansvarleg .

6. Forholdet til dei eksisterande kommunane

Kvar av kommunane har i perioden fram til kommunesamanslåinga ansvar for si ordinære drift, men spørsmål som kan ha vesentleg betydning for den nye kommunen bør drøftast i fellesnemnda før endeleg avgjerd i dei respektive kommunestyra.

7. Arbeidet i fellesnemnda

1. Fellesnemnda arbeider etter prinsippet for ein prosjektorganisasjon og med programansvarleg som dagleg leiar.
2. Programansvarleg rapporterer om sitt arbeid til nemnda.
3. Kvar av deltakarkommunane, jf. kapittel 1 i dette reglementet, stiller med administrativt personell for å hjelpe fellesnemnda og programansvarleg til å løyse sine oppgåver.
4. Medlemmer av fellesnemnda og politisk valde representantar i underutval og delprosjekt skal ha godtgjersle som følgjer av eige reglement.
5. Innkalling til og referat frå møta i fellesnemnda skal gå som kopi til kommunane så snart dei er klare. Denne informasjonen skal bli lagt fram som melding eller eiga sak til kommunestyra etter nærare reglar fastsett av kvar kommune.
6. Lindås kommune tek ansvar for arkiv og dokumentasjon, knytt til etableringa av nye Alver kommune.

8. Økonomi

Fellesnemnda disponerer eingongstilskot, reformstøtte og andre midlar tildelt i samband med kommunesamanslåinga. Gjeld ikkje kompensasjon for redusert basistilskot.

005/17: Møteplan fellesnemnda

Framlegg til vedtak:

Møteplanen for fellesnemnda vert vedteke slik den ligg føre.

05.09.2017 Fellesnemnd

Tidspunkt for møta i partsamansett utval vert å koma tilbake til.

Endring i framlegg frå saksutgreiinga:

Møtet 2.oktober startar kl. 0900.

Siste setning vert endra til:

Framlegg til tidsramme for møta er i utgangspunktet kl. 12.00 – 17.00.

Framlegget , med dei to endringane, vart samrøystes vedteke.

FN - 005/17 VEDTAK:

Møteplan 2.halvår 2017 - fellesnemnda

- | | |
|---------------|---------------------------------|
| 18. september | Saksførebuande utval |
| 2. oktober | Fellesnemnd endring - kl. 09:00 |
| 24. oktober | Saksførebuande utval |
| 6. november | Fellesnemnd |
| 20. november | Saksførebuande utval |
| 4. desember | Fellesnemnd |

Framlegg til tidsramme for møta er i utgangspunktet kl. 12.00 – 17.00.

006/17: Prosess tilsetjing programansvarleg/rådmann

05.09.2017 FELLESNEMND

Framlegg frå Nina Bognøy - Lindås

Fellesnemnda vedtek ein prosess med innplassering av rådmennene frå Lindås, Meland og Radøy i nye Alver kommune. Ein av rådmennene skal innplasserast som ny rådmann. Det skal hentast inn ekstern kompetanse som bistand i prosessen.

Framlegg frå Nils Marton Aadland - Meland

Stillinga som programmansvarleg/rådmann vert lyst ut eksternt.

Det var først ei prøverøysting over dei to framlegga. Framlegget frå Nina Bognøy fekk 13 røyster og framlegget frå Nils Marton Aadland fekk 8 røyster (K.Murberg-Radøy H, K.Vågstøl-Lindås H, N.M.Aadland-Meland H, N.S.Øvreås-Lindås Frp, B.Vatnøy-Lindås Frp, S.Knudsen-Meland Sp, Ø.Bratshaug-Meland Frp og Ø.Oddekalv-Meland Ap).

Ved endeleg røysting vart framlegget frå Nina Bognøy vedteke med 14 røyster, framlegget frå Nils Marton Aadland fekk 7 røyster og fall (K.Murberg-Radøy H, K.Vågstøl-Lindås H, N.M.Aadland-Meland H, N.S.Øvreås-Lindås Frp, B.Vatnøy-Lindås Frp, S.Knudsen-Meland Sp og Ø.Bratshaug-Meland Frp)

FN - 006/17 VEDTAK:

Fellesnemnda har vedteke ein prosess med innplassering av rådmennene frå Lindås, Meland og Radøy i nye Alver kommune. Ein av rådmennene skal innplasserast som ny rådmann. Det skal hentast inn ekstern kompetanse som bistand i prosessen.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/17	Fellesnemnd	PS	02.10.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/1868

Val - partsamansett utval (PSU)

Framlegg til vedtak

Framlegg frå valnemnda vert lagt fram i møtet

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i valnemnda

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Mandat og reglement for fellesnemnda Alver kommune

Vedteke Lindås kommunestyre 21.09.2017 sak 082/17, Radøy kommunestyre 21.09.2017 sak 044/2017. Skal handsamast i Meland kommunestyre 27.09.2017 sak 90/2017

«Det skal opprettast eit partssamansett utval, jamfør inndelingslova § 26, 2. ledd, med til saman tre representantar frå dei tilsette og fire arbeidsgjevarrepresentantar. Arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval er leiar av fellesnemnda, to valte representantar frå fellesnemnda og programansvarleg/rådmann. Blant disse skal det veljast leiar og nestleiar.

Tilsettrepresentantar vert valt av tillitsvalde i kommunane. Ein representant for vernetenesta i kommunane møter med talerett».

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/17	Fellesnemnd	PS	02.10.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/1868

Val - kyrkjeleg fellesnemnd

Framlegg frå valnemnda vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i valnemnda

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

.....

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/17	Fellesnemnd	PS	02.10.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/1868

Interkommunal plan for sjøareal

Vedlegg:

Interkommunal plan for sjøareal - presentasjon Regionrådet 19.09.17

Framlegg til vedtak


Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Saksopplysningar:

Saka vert lagt fram for drøfting i fellesnemnda og eventuelt innstilling til kommunestyra.


Sjå vedlagt presentasjon.

Region Nordhordland




**Interkommunal plan
for sjøareala i
Nordhordland
(Akvakulturplan)**

Organisering



Tidsplan – planprogram



Tidsplan – fram til vedtak endeleg plan



Prosess og ressursbruk

Oppgåver	NUI	Kommunane
Prosjektadministrasjon – framdriftsplan osv	X	
«Skriving» - dokumentproduksjon	X	
Kart	X	
Medvirkning - kontakt regionalt – offentlege, næring, almenne interesser	X	
Medvirkning – lokalt – lokale lag, næring osv	(X)	X
Fremskaffe felles data/ rapporter	X	
Fremskaffe lokale data i den grad det ikkje er sentralt og det er behov for dei. Lokal kunnskap som ikkje er tilgjengeleg sentralt		X
Kvalitetssikring data	X	X
Informasjon/forankring - i eigen kommune		X
Høyringsprosess	X	

Kommunane – må sette av 1 person frå Plan – 1 møte i mnd + forbereding og etterarbeid – gj.snitt 2 dagsverk pr mnd

Økonomi

	2017	2018	2019	2020	SUM
Prosjektleiar	50 000	250 000	250 000	50 000	600 000
Prosjektmedarbeidar	50 000	250 000	250 000	50 000	600 000
Eksterne utgreiingar og rapportar		200 000	100 000		300 000
Tilrettelegging, høyringar, konferansar, samlingar	50 000	100 000	100 000	50 000	300 000
Utgifter	150 000	800 000	700 000	150 000	1 800 000
Finansiering	2017	2018	2019	2020	SUM
Skjønnsmidlar frå fylkesmannen	150 000	400 000	400 000	150 000	1 100 000
Kommunane	-	400 000	300 000	-	700 000
Inntekter	150 000	800 000	700 000	150 000	1 800 000

Kommentarer?

- Innspill til saksdokumentet som skal til kommunestyrene til behandling (det notatet som dere har fått)
- Noe dere savner ???
- Organisering
- Tidsplan

SLUTT

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
012/17	Fellesnemnd	PS	02.10.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/1868

Melding/orientering fellesnemnda 02.10.2017

Vedlegg:

*Dampen i Alver kommune *Damp forslag1 Alver svart-blå *Damp forslag2 Alver svart-raud *Damp forslag3 Alver kvit-blå *Damp forslag4 Alver svart-kvit-blå *Damp forslag5 Alver kvit-raud *Damp forslag6 Alver raudbunn *Slagord _ Folk ved fjorden *E 39 Nordhordlandsbrua - Klauaneset

Framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Meldingar/orienteringar:

- Pågåande prosjekt – status
- Næringsseminar
- Skriv frå Claus Sellevold (sjå vedlegg)
- Skriv frå Høgre (sjå vedlegg)


Med dampen som symbol i kommunevåpenet til Alver vil vi synleggjera den store betydninga som fjordabåtane har hatt for bygder og grender på strilelandet opp gjennom åra. Dampen revolusjonerte fjordafarten. Han representerte eit kvantesprang inn i ei ny tid. Reisa vart med eitt uavhengig av vêr og vind. Dampen kom og gjekk, som regel til oppsett tid. Han var til å lita på, og slik sett kan dampen sjåast på, ikkje som avleggs, men berande på kvalitetar som aldri går av moten. Han var trufast, han var treffsikker, han var effektiv.


Dampen bidrog til trivnad, til mobilitet, til opplysning. Når dampen kom, møttest folk. For å ta imot andre folk, for å reisa sjølv eller berre for å fretta nytt frå bydn eller frå nabogrender. Dampen vart strilelandets rolege puls, han gjorde bygdene vitale og tilgjengelege, og ikkje minst gjorde han byen tilgjengeleg for bygdefolket.


Dampen kledde strilelandet godt. Mange av dei eigenskapane som ein kan tileigna dampen, kjenneteiknar også folket som han tente. Traust og trygg og trivnadsskapande. Påliteleg, arbeidssom, nøysom. Vakker, ikkje minst. Når vi i dag ser dampen gli lydlaust inkluderande langsetter strendene, legg vi særleg merke til kor grasiøst han fer fram. Medviten sitt oppdrag, men utan nokon gong å bli brautande eller påtrengjande.


«Paa tronge vegar stig det store tankar», heiter det i eit av dikta til lyrikaren Olav Nygard. Dampen samla folk, han vart ein møtestad, ja, kanskje kunne han også vera si tids tankesmie, der laus prat fekk vengjer og vart til store tankar som var med å forma, ikkje berre si samtid, men også viste veg inn i framtida.


Dampen, med alt han førte med seg, rommar såleis mykje meir enn berre forteljinga om ei tid som har vore. Han ber med seg også lovnaden om ei tid som kjem.














Alver kommune - Folk ved fjorden

Det viktigaste eit verdiord kan gjera, er å halda det det lovar. Det må ikkje vera svulstig, det må ikkje vera storslege eller skinande eller vera innretta mot berre dei som lukkast i livet. Eit verdiord som slik ikkje tek inn over seg at folk er ulike og opplever verda ulikt, vil ikkje treffa sitt publikum. I verste fall vil det tena meir til provokasjon enn til inspirasjon.

Det finst verdiord som skyt langt over mål, men endå meir finst det verdiord som er platte, inkjeseiande og utan innhald. Ord på tomgang. Me strilar brukar sjeldan store ord, men endå sjeldnare ytrar vi oss utan å ha noko å melda. Det er betre å halda kjeft enn å vera upresis, utflytande eller utydeleg.

Då eg var liten gut, var eg heldig og fekk stundom eta saman med to godt vaksne brør. Han eine var bestefar min, bonde der han var fødd og oppvaksen i Alversund. Bror hans var utflytta akademikar som hadde lært litt om korleis ein fører seg i finare sirklar. Etter at den eldste hadde signa maten, byrja dei å eta på middagsmaten dei hadde fått servert. Begge karane vart fort samde om at maten smakte godt, men dei hadde ulike måtar å uttrykkja det på. Den eldste: «Ja, dette var fantastisk deilig». Broren nikka, før han valde sine eigne ord: «Ja, da va'kje nokon direkte usmak på dette».

Denne ordvekslinga rundt eit middagsbord i Alversund illustrerer poenget mitt. Denne underfundige og kanskje litt forsiktige måten å uttrykkja seg på, er ein del av vår strilske karakter. Når du seier at det ikkje var usmak på maten, så seier du eigentleg at maten var heise god. Samstundes har du halde att sånn reint retorisk, slik at du iallfall har litt å gå på til det neste framifrå måltidet vert servert.

Det finst mange døme på korleis vi strilar underslår heller enn å overdriva, korleis vi held att, sjølv når det er grunn til å ta av. Dette er ein måte å vera på som ligg djupt i vår karakter. Det betyr ikkje at vi ikkje har evne til å lata oss begeistra, men sjølv når vi er begeistra, prøver vi å leggja litt band på oss. Litt fordi det høver seg slik, men litt også, trur eg, fordi vi veit at livet fort kan venda seg mot oss att. At avlinga kan slå feil, at fiskjet kan svikta, at sjukdom og tragedie kan ramma.

Livet er ikkje alltid lett. Livet kan av og til vera både trist og trasig. Det er alltid nokon som har det ilt på ein eller annan måte. Ein kommunes verdiord må ta høgde for dette. Draumar blir ikkje til røyndom for alle, om ordføraren og rådmannen og dei folkevalde aldri så mykje ønskjer det. Blir eit verdiord svulstig eller storslege, misser det si kraft, ja, det kan treffa folk som ein provokasjon.

Eg trur ein står seg på å vera litt smålåten, at ein tek litt atterhald heller enn å lova gull. Det er dumt å prøva å formidla noko som ikkje er sant eller kan bli sant. «Folk ved fjorden», er mitt forslag. Det er enkelt, nøkternt og hundre prosent presist. Me er folket ved fjorden, og når ein tek det i bruk som slagord, så fortel me samstundes at de me er stolte over å vera folket ved fjorden og gjerne vil halda fram med å vera det. At me vil leggja til rette for spreidd busetnad og liv på holmar og nes, i vik og sund. I dette slagordet ligg det ikkje sjølvskryt, ikkje høgrøysta lovnader, ikkje draumar som ikkje let seg oppfylla. Berre ei evig, uangripeleg sanning.

Claus Sellevoll

Krev strakstiltak på E39 Nordhordlandsbrua – Vågsbotn

Dei trafikale utfordringane på E39 mellom Nordhordlandsbrua og Vågsbotn er så store at strakstiltak må setjast i verk. Statens vegvesen blir beden om å prioritere tiltak omgåande for å betra framkoma på denne vegstrekka som er bindeleddet mellom Bergen og Nordhordland.

Høgrelaga har saman med eit stort politisk fleirtall i Nordhordlandskommunane arbeidd i fleire ti-år for å realisere E39 Nordhordlandsbrua - Vågsbotn (tidlegare kalla Nyborgstunnelen). Det er gledeleg at det i Nasjonal Transportplan 2018 - 2029 er løyvd planmidlar til dette prosjektet i første planperiode, og vi forventar byggjestart så snart som praktisk mogleg.

Sjølv om planmidlane no er på plass, vil det ta fleire år før eit nytt vegsamband med naudsynt kapasitet mellom Nordhordlandsbrua og Vågsbotn er realisert.

Det er i dag kraftig vekst, både i folketal og næringsverksemd, i både Åsane og Nordhordland. Noverande E39 over Hylkje er ikkje dimensjonert for dagens trafikk på om lag 24 000 ÅDT, og har på ingen måte kapasitet for å ta unna veksten som kjem. Difor må det gjerast strakstiltak for å betra framkoma og tryggleiken på denne vegstrekka. Det er eit faktum at dei trafikale utfordringane på E39 Nordhordlandsbrua – Vågsbotn er ei stor og stadig aukande utfordring for næringslivet og kollektivtransporten/pendlarar.

For knappe tre år sidan blei Eikåstunnelen opna. Målet var å etablere betre og sikrare trafikkflyt. Det har ikkje skjedd. Dei ulike trafikkløysingane som er vald rundt Eikåstunnelen skaper store køar og trafikkfarlege situasjonar. Fleire ulukker har skjedd, og det er grunn til å frykte at meir alvorlege trafikkulukker skal skje. Vi opplever situasjonen i dag som uholdbar, både med omsyn til trafikkframkome og tryggleik.

Inntil eit nytt og framtidsretta vegsamband mellom Nordhordlandsbrua og Eikåstunnelen er etablert, er det heilt naudsynt med strakstiltak for å betra på denne situasjonen.

Det vil vere naturleg at Statens vegvesen blir invitert til neste møte i fellesnemnda for den nye Alver kommune for å gjere greie for kva konkrete planar dei har for å betra på situasjonen. Som representantar frå Høgre er vi svært tydeleg på at vi forventar at Statens vegvesen straks prioriterer tiltak for å betra på framkoma og tryggleiken på denne svært viktige vegstrekka.

Med helsing

Karl Vågstøl
Gruppeleiar Lindås Høgre

Kenneth Murberg
Gruppeleiar Radøy Høgre

Nils Marton Aadland
Gruppeleiar Meland Høgre